

Fra: Husebø, Gunnar Magne <gunnar-magne.husebo@gk.no>
Sendt: mandag 31. januar 2022 19:33
Til: Postmottak Alver
Emne: Saksnummer 21/10319-Skjelanger

Alver kommune Husebø 30.01.2022

Sak 2110319-Skjelanger

Merknader til Blom fiskeoppdrett sin søknad om fiskeoppdrett ved Skjelanger
I Mangersfjorden.

Lokasjon Skjelanger ligg i eit svært værhardt område der det vil vere fare for havari og svært stor fare for rømning av fisk.

Som grunneigar på Husebø gnr354bnr12 har eg gamle sjørettar i området der det no er planlagt fiskeoppdrett. Kjem det fiskeoppdrett her vil desse rettighetene verte forringa eller gå tapt. Eg eig og Skålholmen, her er det tegna inn to ankerliner som går tett forbi holmen. Dette vil føre til at eg ikkje kan ankre opp noko ved holmen min i framtida då det vil komme i konflikt med ankerlinene til oppdrettsanlegget.

Eg brukar og området til fritidsfiske. Dette anlegget vil dekka mangen gode fiskeplassar og vil gjere bruken av garn, krabbeteiner, linefiske, og havteiner svært vanskelig, då anlegget med forankringar dekkjer eit svært stort område.

Eg brukar og området mykje til friluftsliv saman med familie og venner.
Her kan nevnast bading, kajakkpadling, fisking, turgåing , fridykking, sjøfugljakt eller at ein rett og slett berre sit på eit nes og nyter stillheten.

Det vil og følgja med mykje forurensing frå anlegget.
Utslepp i form av fiskeavføring, diverse medikamenter, kjemikalier,kobber,mikroplast...
Visuell forurensing
Lydforurensing (foranlegg,dieselmotorar, arbeidsbåtar ,forbåtar ,brønnbåtar,hydraulikkpumper osb)
Lysforurensing (lys frå anlegget ,samt lys frå båtar)

Eg er og opptatt av naturmangfallet me har her, kan nevne nokon artar hubro, spurvehauk, hønsehauk, ynglende oter, vadefugler og svært mangen artar av sjøfugl.
Økosystemet i fjorden er nok det som vert mest berørt i form av endringar som følge av alle utsleppa frå anlegga.

Legg ved litt av risikorapporten med oppdrettsanlegg 2021 utført av havforskningsinstituttet. Då Mangersfjorden er ein innfallsport til Osterfjorden som har mangen elevar mellom anna Vosso som er nasjonal lakseelv dette er viktige gyteplasser for både villaks og sjøaure.

Selv om vi ennå ikke er i stand til å vurdere risikoen for den samlede påvirkningen av norsk fiskeoppdrett er det likevel noen områder som peker seg ut. Produksjonsområde 3 (Karmøy til Sotra) og 4 (Nordhordland til Stadt) vurderes å ha høy risiko knyttet til effekter av lakselus både på utvandrende laksesmolt og beitende sjøørret, ytterligere genetisk endringer hos villaks, utsipp av kobber og velferd hos oppdrettslaks i åpen merd i sjø samt leppefisk og rognkjeks i laksemerd. I tillegg vet vi at belastningen ved bruk av avlusningsmidler har vært størst i disse områdene.

Lokasjon Skjelanger ligg og i raud sone i trafikklyssystemet.

Det tyder att området skal redusera og ikkje auka produksjonen av oppdrettsfisk.

Eigendommane til oss som ligg nærmast annlegga vil og få verdireduksjon avdi det er så mange ulemper med å få slike store oppdrettsanlegg så nærmere eigedommane.

Husebø ligg i eit LNF område der det er svært vanskelig å få godkjent tiltak så eg må sei eg vert svært forundra om Blom sin søknad vert godkjend.

Min konklusjon er att dersom det kjem eit oppdrettsanlegg på lokasjon Skjelanger

Vil både eg og mange andre som er naboar og brukarar av fjorden få redusert livskvalitet eg nemner nokre årsaker til det.

Aldrig meir absolutt stillhet.

Problemer med algeoppblomstring i badesesongen.

Fisk full i pellets.

Krabbe og kreps som ein har lite lyst til å nyte.

Innskrenka fiskemuligheter.

Redusert glede i å bruka området i fritida både i strandsona og på fjorden.

Lysforurensing.

Visuell forurensing lokasjonen ligg forøvrig midt i utsikten frå boligen min.

Legg ved §1 i naturmangfoldsloven.

§ 1.(*lovens formål*)

Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur.

Mvh

Gunnar Husebø.

Sendt fra min iPad